

Læringsverkstedet

BARNEHAGER

# ÅRSPLAN 2018-19

## Læringsverkstedet Flatøy barnehage



Vi får verdens viktigste verdier til å vokse

## Barnehagen sitt samfunnsmandat

Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas hjem (Barnehageloven, 2005, § 1 Formål). Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng (Rammeplan for barnehagen s.7).

## Formålet med årsplanen til barnehagen

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemد som skal planleggast og vurderast.

Barnehagen sitt pedagogiske arbeid skal vere grunngjeven i barnehagelova og i rammeplanen.

Rammeplanen peiker på at årsplanen er eit arbeidsreiskap for personalet som skal dokumentere vala og grunngjevingane til barnehagen.

Med utgangspunkt i rammeplanen skal barnehagens samarbeidsutval fastsette ein årsplan for den pedagogiske verksemda.

## Årsplanens funksjon

Årsplanen skal synliggjere korleis barnehagen omset barnehagelova i praksis, og arbeider målretta for å sikre det pedagogiske arbeidet.

Ifølge rammeplanen har planlegging av barnehagen sitt innhald og pedagogiske arbeid fleire funksjonar:

- Personalet får grunnlag til å tenke og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet
- Det gir kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa
- Synliggjør barnehagen si tolkning og realisering av rammeplanen
- Gir utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda

Barnehagen sin årsplan er også eit viktig dokument for eigar og myndighetene si oppfølging og tilsyn med barnehagen.

## Innhold

<b>Velkommen til Læringsverkstedet Flatøy barnehage .....</b>	<b>4</b>
Barnehagen vår .....	4
Visjon.....	5
Våre verdiar .....	5
<b>Barnehagen sitt formål og innhold.....</b>	<b>6</b>
Læringsverkstedet sitt pedagogiske konsept .....	6
Leikande læring, samspell og meistring .....	7
Læringsverkstedet sitt satsingsområde .....	7
Barnehagens satsingsområde 2018- 2019.....	8
<b>Barns medverknad .....</b>	<b>8</b>
<b>Samarbeid mellom barnehagen og foreldra .....</b>	<b>8</b>
Foreldra sin medverknad i barnehagen sitt innhald og planar .....	8
<b>Overgangar .....</b>	<b>9</b>
<b>Vår pedagogiske verksemد .....</b>	<b>11</b>
<b>Våre arbeidsmåtar .....</b>	<b>12</b>
<b>Frå rammeplanen sitt innhald og sju fagområder til Læringsverkstedet sine fem fagtema .....</b>	<b>12</b>
<b>Eit godt måltid .....</b>	<b>13</b>
<b>Bakgrunnsdokument.....</b>	<b>14</b>

## Velkommen til Læringsverkstedet Flatøy barnehage

Vi ser frem til eit nyt og spennande år med fokus på leikande læring, samspel og mestring.  
Kvar dag har vi hjarte for at kvart enkelt barn skal bli den beste utgåva av seg sjølv.

### Barnehagen vår

- Læringsverkstedet Flatøy barnehage er ein 1-avd barnehage med aldersgruppe 1-6 år.
- Pr 1. august 2017 er vi 6 fast tilsette i bhg:



#### Personælet frå høgre:

<b>Marte Steinsgrimsen Melling</b>	96% pedagog
<b>Mona Uglum Osberg</b>	100% styrar og pedagog
<b>Kristine K. Kristiansen</b>	40% assistent
<b>Siren Austegard</b>	100% pedagogisk leiar
<b>Mari-Ann Brattetaule</b>	50% assistent
<b>Elisabeth Helland</b>	94% assistent

#### Telefonnummere:

Avdeling: 97997219  
Styrar: 97997218

E-post adresse: [flatoy@laringsverkstedet.no](mailto:flatoy@laringsverkstedet.no)

Læringsverkstedet er ein privat barnehagekjede som eig og driv barnehagar i store deler av Noreg. I våre barnehagar får barn eit godt grunnlag for livslang læring – i kunnskap, vennskap, tryggleik og glede. Vårt pedagogiske arbeid med barna bygger på leikande læring, samspel og mestring.

For meir informasjon om Læringsverkstedet og våre barnehagar sjå vår heimeside:  
<https://laringsverkstedet.no>

## Barnehagen sitt samfunnsmandat

Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas hjem (Barnehageloven, 2005, § 1 Formål).

## Visjon

Vi ser på barna som verdas viktigaste verdiar og det mest verdifulle vi har. Barna er verdas framtid. Vår visjon peiker framover og visar veg for alt av arbeid i Læringsverkstedet:

## «VI FÅR VERDAS VIKTIGASTE VERDIAR TIL Å VEKSE»

I våre barnehagar arbeider vi for at alle barn skal få eit best mogleg grunnlag for vidare utvikling, læring og eit godt liv. Vi ønsker at barna skal vekse i kunnskap og mestring, i tryggleik og empati.

## Våre verdiar

Vi skal være «**Leiken og ambisiøs**». Vi byr på oss sjølv og har det moro. Samtidig har vi klare mål og kraft til å nå dei.

Vi skal være «**Raus og tydeleg**». Vi har takhøgde og fridom samtidig som vi har rammer og retningslinjer som gjer det trygt å vere raus i møte med barn og foreldre.

Barnehagen bidreg til å danne eit godt grunnlag for livslang læring og aktiv deltaking for barna i eit demokratisk samfunn. Å møte individets behov for omsorg, tryggleik, å høyre til og anerkjening og å sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskap, er viktige verdiar som skal gjenspeglast i barnehagen. I følge rammeplanen skal barnehagens verdigrunnnlag formidlast, praktiserast og opplevast gjennomgåande i barnehagen sitt pedagogiske arbeid. Desse er:

- **Demokrati**  
Barnehagen skal vera eit inkluderande fellesskap, der alle får anledning til å ytre seg, bli hørt og få delta
- **Mangfold og gjensidig respekt**  
Barnehagen skal gi felles erfaringar og skal synleggjera verdien av felleskapet.
- **Likestilling og likeverd**  
Vi har fokus på at barn skal møtast som likeverdige individ, uavhengig av alser, kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, etnisitet, kultur, sosial status, språk og religion. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering.
- **Berekraftig utvikling**  
Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen.
- **Livsmestring og helse**  
Barnehagen skal bidra til barnets trivsel, livsglede, meistring og følelsen av eigenverd og forebygge krenkelse og mobbing. Barnehagen skal gi barna utfordringar i eit miljø.

## Barnehagen sitt formål og innhold

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering (Barnehageloven, 2005, § 1 Formål, 3. ledd).

Læringsverkstedets pedagogikk er vår tolkning av innhaldet i rammeplanen og tek vare på rammeplanens føringar.


Kvar barn er eit unikt og verdifullt menneske som skal møtast med respekt og anerkjening

- **Omsorg og leik, læring og danning**
- **Vennskap og fellesskap**
- **Kommunikasjon og språk**

## Læringsverkstedet sitt pedagogiske konsept

Den norske barnehagetradisjonen bygger på eit heilskapleg læringssyn. Læringsverkstedet har utvikla eit pedagogisk konsept som tek vare på dette perspektivet. Med **Hjarteprogrammet** og **Leikande læring, samspel og meistring**, tek vi i vare på samfunnsmandatet til barnehagen (Lov om barnehager, 2005) og rammeplanens føringar for barnehagens innhald og oppgåver. Omsorg og leik, læring og danning er svært viktige element i grunnlaget for Læringsverkstedet sin pedagogikk.

Barns eigenverd er kjerna i vårt pedagogiske konsept og sentralt i alt vårt arbeid. Kvart enkelt barn er kompetent og har ibuande ressursar som skal få komme til uttrykk og utviklast i barnehagen. Barns eigen nysgjerrighet og undring legg grunnlaget for livslang læring. Barn skal støttast og oppmuntrast til å uttrykke seg, bli synleg og ha rom for medverknad. For oss handlar det om å gi barn rom, i både i fysisk og psykisk forstand, for å uttrykke seg saman med andre. Kvart enkelt barn skal oppleve å bli sett, høyrd og forstått av anerkjennande, tydelege og ansvarsfulle vaksne.



*Lekende læring, samspill og mestring*

## Leikande læring, samspell og meistring

Med leikande læring, samspel og meistring skal vi gi barna grunnlag til å utvikle seg, og bli den beste utgåva av seg sjølv. Eit av særprega til barndomen er samspel i leik, der initiativ, fantasi og engasjement vil kunne finne stad. Barn skal få undre seg og stille spørsmål, søke opplevingar og gjere erfaringar på eigne læringsarenaer. Barnehagen skal gi rom for barns ulike perspektiv og opplevingsverd.

## Læringsverkstedet sitt satsingsområde

**Relasjonskompetanse** - Lokalt best, med gode relasjonar som ein rød tråd i alt vi gjer.

Barns trivsel er den vaksne sitt ansvar, og gode relasjonar er avgjerande i dette samspelet. Vi trur på at gode relasjonar, som ein raud tråd i alt vi gjer, hevar kvaliteten i barnehagen. Det bidreg til å skape eit godt psykososialt leike- og læringsmiljø, der alle barn er inkludert.

Heile livet vårt formast gjennom relasjonane vi har til andre menneske. Kvaliteten på relasjonane og samhandlinga mellom tilsette og barn og mellom barna er særleg viktig for kvalitet i barnehagen. Å utvikle gode sosiale ferdigheter, empati og vennskap i barndommen er viktig for å kunne utvikle eit godt sjølvbilde. Gode relasjonar vil igjen få tyding for trivsel, utvikling og læring.



## Barnehagens satsingsområde 2018- 2019

- Jord – vatn – ild – luft



## Barns medverknad

Barnehagen skal ivareta barnas rett til medvirkning ved å legge til rette for, og oppmuntre til at barna kan få uttrykke sitt syn på barnehagens daglige virksomhet, jmf. Barnehageloven §3 og §3, grunnloven §104 og FNs barnekonvensjon artikkel 12 nr.1

Eksempel på korleis vi arbeider med barns medverknad i LV Flatøy bhg:

- Bursdags samling/ samlingsstund
- Val av leikestasjonar i frileik
- Hjartebarn
- Matlaging og andre praktiske gjeremål
- Rydde og halde orden i og utanfor barnehagens

*Handlingsplan mot mobbing er eit viktig verktøy i Læringsverkstedet Flatøy bhg.*

## Samarbeid mellom barnehagen og foreldra

**Vi skal saman skape ein sosial læringsarena som sett gode spor** er vårt løfte til foreldra. Foreldresamarbeidet skal alltid ha barnas beste som mål.

Samarbeidet skal både skje på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet. Samarbeidet skal sikre at foreldra får innverknad på barnehagens arbeid med å skape eit heilskafeleg omsorgs-, leike- og læringsmiljø for barnegruppa.

## Foreldra sin medverknad i barnehagen sitt innhald og planar

Den daglege dialogen, foreldresamtalar, evt foreldrekaffi/middagar, dugnadar, foreldremøter, foreldreråd, samarbeidsutval er medverkande til foreldre si medverknad i bhg sitt innhald og planar.

### Planlegging:

Månad	Dato
August 2018	01.08.2018
September 2018	21.09.2018
November 2018	09.11.2018
Januar 2019	02.01.2019
Mai 2019	31.05.2019

### Arrangement:

Månad	Kva
Haust 2018	Akvariet med 5års guppa
September 2018	Nasjonal Brannøving
Desember 2018	Lucia feiring i bhg, Julefortelling om Simons jul, Juleverkstad og nisselfest
Februar 2019	Mangfoldsmiddag, Karneval
April 2019	Påske
Vår 2019	Fløyen tur med 5års gruppa
Juni 2019	Sommaravslutning

## Overgangar

Ein overgang fører til endringar barnets rammer og rutinar. Det å starte i barnehagen skal opplevast som ein god start, både i forhold utvikling av tryggleik og tilhørsle. Tilvenning, tryggleik og tilhørsle er nøkkelord i forbindelse med alle overgangar i løpet av barnehagetida.

### Ny i barnehagen

#### Tilrettelegging for dei yngste barna

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tida slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn.

Barns tilknyting til vaksne er viktig for den emosjonelle, sosiale og kognitive utviklinga. Ein god tilknyting dannar ein trygg base slik at barnet kan bruke sine krefter på å utforske verda og lære. Sunn tilknyting er avhengig av nære omsorgspersonar som har evne til å fange opp og gi respons på barna sine signaler. Mange barn har fram til barnehagestart kun vore med sine foreldre og nære omsorgspersonar. Derfor er det heilt naturleg at barna protesterer når foreldra forlèt dei i bhg for første gang. I bhg er det mange nye inntrykk for et lite barn. Derfor er det viktig å ta tilvenninga i barnet sitt tempo, slik at det blir så trygt som mogleg. Det er ingen fasit på kor lang tid tilvenning tek, dette er veldig individuelt – derfor har vi i Læringsverkstedet Flatøy bhg lagt vekt på de 3 første dagane og god dialog om videre tilvenning etter disse.

### Frå småbarn- til storbarnsavdeling

I Læringsverkstedet er vi opptekne av at barnet og foreldra alltid skal føle seg velkommen og møte kompetente og varme medarbeidarar. Overgangen frå småbarnsavdeling/base til storbarnsavdeling/base er for mange barn og foreldre en milepæl. Ingen barn er like og behova ved overgangen er derfor individuell. Vaner, forutsigbarheit og trygghet er viktig for en god tilvenning og nokre barn treng ein lengre tilvenning enn andre.

Barn som er født i 2017 og 2016 er i hovudsak på småbarns basen. De eldste av de små som skal være på stor «avd/base» etter sommarferien, får være med på sangsamlinger i løpet av juni sammen med de store. På den måten får de øve seg på å være i stor samling. Elers fungerer vår bhg på den måten at alle barna – både store og små – er samla tidleg på dagen og på ettermiddagen.

### Tilrettelegging for dei eldste barna

I våre barnehagar er dei eldste med i ei felles gruppe for alle skolestarterne. Vi jobbar med gruppeaktiviteter som styrker samarbeid, lære av kvarandre, hjelpe kvarandre, og reiser på utflukter, Fløyen tur, akvarietur, teaterbesøk og kanskje overnatting i barnehagen.

Læringsverkstedet sine barnehagar har planer med innhald som dekker alle fagtemaene og som viser kva barna skal få ta del i. Det blir lagt vekt på ferdigheter som barnet har bruk for ved skulestart; sosial kompetanse, samspel, sjølvstendighet, vente på tur, rekke opp handa m.m.

Språk	Matte-motorikk	Hjerteprogram	Kreativitet	Natur-utedag	Diverse
Bokstavar	Matte firkanten	Tradisjonar	Forming	Naturen rundt oss	
Blyantgrep	Tall	Normer og verdiar	Fantasi	Eksperiment	
Lytte	Former	Sosial kompetanse	Skaparglede	Turar	Klare sjølv: *hygiene *sjølvstendighet
Samtaler, bruk av språk	Størrelsar	Engelsk sang, regler og teljing	Sang, drama og musikk		
Rim/regler	Måleenhetar	Snakke i forsamling	(Film/foto)		
Rytme i språket	Sortering				

Tekst og bilete	Butikklek				
Drodle (gjette bilete)	Bevegelses leik				Jobbe med tema.
Skrive sitt namn	Bruk av ball				
Øve på tlf.nr. sitt	Menneskekroppen				
Øve på adressa sin					Bruk av digitale verktøy

### Fra barnehage til skole

For våre «skulestartarar» har vi ein intensjon om å gjere det siste året i barnehagen litt spesielt. Dei skal oppleve den avsluttande tida i barnehagen som spennande, utfordrande og som ei tid der iveren etter å erobre nye kunnskapar skyt fart (Veilederen fra eldst til yngst, 2009).

#### I LV Flatøy bhq sitt arbeide med overgang frå barnehage til skule inngår følgande

- Bidra til eit heiltaleg opplæringslaup for kvart enkelt barn med god samanheng og overgang frå bhq til skule
- Tilrettelegging for barn med særskilte behov
- Tilrettelegging for minoritetsspråklege barn
- Avtale og gjennomføring av skulebesøk
- Eigne opplegg og happeningar for dei eldste barna som gjer det spesielt å vera i førskulegruppa

## Vår pedagogiske verksemد

### Planlegging

Planlegging gir personalet grunnlag for å tenke og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet. Barnehagen er forplikta til å grunngjeve, planlegge, vurdere og dokumentere at det pedagogiske arbeidet er i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

### Dokumentasjon

Rammeplanen slår fast at dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet inngår som ein viktig del av barnehagen sitt arbeide. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagens arbeid med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda.

### Vurdering

Det pedagogiske arbeidet skal skildrast, analyserast og fortolkast ut frå barnehagen sine planar, barnehagelova og rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017).

### Pedagogiske evalueringar som vurdering

**Barn, foreldre og personalet vurderer:**

Hva	Hvem	Når	Hvordan
Spiralprinsippet/ repetisjonsbobler/samlingar	Personalet	Kvar mnd	Evaluere planar
Månadens tema	Personalet og barna	Jamleg	Kva fungerte og kva fungerte ikkje
Aktive vaksne	Personalet, foreldre og barna	1 g.pr.år.	Brukarundersøking
Barnehagens eige satsingsområde	Personalet, foreldre og barna		Evalueringsskjema.
Barnehagens innhald	Foreldra	1.g.pr.år	Brukarundersøking

## Våre arbeidsmåtar

Barnehagen nyttar seg av ulike arbeidsmåtar for å ta i vare enkeltbarn, barnehgruppa og lokalmiljø:

**Prosjektarbeid** – tek utgangspunkt i barnas initiativ/interesser, deira undring leier utviklinga av innhaldet og prosessen i prosjektet. Dette er ein måte der barns medverknad kan sjåast som praksis i barnehagen.

**Temaarbeid** - styrar og pedagogar utarbeidar innhald og prosess i samarbeid med barnehagens øvrige medarbeidrar

**Repetisjon** - repetisjon av kjernestoffet i våre fem fagtema.

**Spiralprinsippet** – sikrar ein systematisk, heilskapleg og kontinuerleg utvikling av barna sine ferdigheiter, kunnskap og læring innanfor alle fagtema. Sikrar på den måten progresjon.

**Digital praksis** – bidreg til barna sin leik, kreativitet og læring. Utøve digital dømmekraft og legge til rette for barnas utforsking,

## Frå rammeplanen sitt innhald og sju fagområder til Læringsverkstedet sine fem fagtema

Rammeplanen gir føringar for et heilskapleg arbeid som skal sikre alle barn gode utviklingsmoglegheiter og trivsel. Barnehagens pedagogiske tilbod skal romme innhald frå rammeplanen sine sju fagområde.

Vi arbeider systematisk og kontinuerleg med alle rammeplanens fagområde. Læringsverkstedet har vald å tolke og sette rammeplanen sine sju fagområde saman til fem fagtema. Det bidreg til god organisering og progresjon i vårt pedagogiske arbeid. Kvart fagtema har eit eige ikon som går igjen i materiell som barnehagen nyttar i sitt arbeide. Rammeplanens fagområde *Kropp, rørsle, mat og helse* er ein del av sjølve kjerna i vårt pedagogiske konsept og inngår difor som del av alt innhald og arbeid med alle våre fem fagtema.



**Hjarteprogrammet** er utvikla av Læringsverkstedet som eit verktøy for barnehagen sitt arbeide med sosial kompetanse innan kategoriane EG, DU og VI. Hjarteprogrammet er for oss formålsparagrafen i praksis. Det dekker rammeplanens fagområde Etikk, religion og filosofi, samt element i rammeplanens fagområde Nærmiljø og samfunn, Kropp, rørsle, mat og helse, samt temaet berekraftig utvikling.



**Språk** dekker rammeplanens fagområde Kommunikasjon, språk og tekst og inneholder alle element som sikrar at barnehagen arbeider med eit godt språkmiljø og språkutvikling for alle barn. Fagtemaet Språk inngår som ein naturleg del i alt av barnehagen sitt arbeide og kvardagsaktivitetar.



**Matteleik** rommar innhaldet i rammeplanen sitt fagområde Antal, rom og form. Matteleik for skulestartarane er ein viktig del av dette fagtemaet i barnehagen. Barnehagens arbeid med fagtemaet Matteleik lar barn leike og erfare matematikk på ein variert måte og som gir ei begynnande matematisk forståing.



**Kreativitet** famnar barnehagen sitt arbeide med rammeplanens fagområde Kunst, kultur og kreativitet. Kreativitet er eit omfattande fagtema og er svært ofte del av barnehagens pedagogiske arbeid med våre andre fagtema.



**Natur** dekker rammeplanen sine fagområde Natur, miljø og teknologi og Nærmiljø og samfunn. I vårt fagtema Natur inngår biologi, fysikk, kjemi, zoologi og geologi som viktige tema som barnehagen skal inkludere og la barna gjere erfaringar med. Rammeplanens fagområde Kropp, rørsle, mat og helse er også ein del av fagtemaet Natur.

## Eit godt måltid



Rammeplanen sitt fagområde **Kropp, rørsle, mat og helse** er ein del av sjølve stammen i vårt pedagogiske konsept og inngår difor som del av innhald og arbeid med alle våre fem fagtema.

Læringsverkstedet sine barnehagar skal vere ein arena der barn får oppleve matglede og matkultur. Vi har i samarbeid med Ryfylkekokken Frode Selvaag og Arne Brimi utvikla «Eit godt måltid». Gjennom «Eit godt måltid» har vi også fokus på eit sunt og variert kosthald, norsk kulturtradisjon og ein hyggeleg atmosfære. Barna er aktive deltakarar i heile prosessen

med planlegging, tillaging av maten, gjennomføring av sjølve måltidet og opprydding etterpå. Måltidet for oss handlar om meir enn berre å ete. Måltidet er ein arena for fellesskap og samspel, meistring, gode opplevingar og samtalar. Dette er ein del av kvart enkelt barns danningsprosess og bidreg til utvikling av barnas sosiale kompetanse.

Læringsverkstedet Flatøy bhg har som oftast varmt måltid 1 dag i veka. Barna blir med på matlaging så langt det lar seg gjere. Vi har også fullt smøremåltid i bhg – der vi handlar inn brød og pålegg som vi regner som sunne for barna.

Vi legger vekt på at barna skal klare sjølv; bli sjølvstendig, utføre god folkeskikk og at måltidet skal bli ein god arena for gode opplevingar og samtalar. Vi ønskjer å gi meir kunnskap om kva ein et og kvar maten kjem frå.

## Bakgrunnsdokument

### Lov og forskrifter

- Lov om barnehager (barnehagelova) (2005)
- Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (2017)

### Læringsverkstedets dokumenter

- Verdiplattform
- Veilederen «Vår pedagogikk»
- Handlingsplan mot mobbing i barnehagen
- Virksomhetsplan

### Veileder fra Kunnskapsdepartementet

- Fra eldst til yngst, overgang barnehage-skule (2008)

### Veiledere fra Utdanningsdirektoratet

- Håndtering av kriser og sorg i barnehagen (2014)
- Språk i barnehagen – mye mer enn bare prat (2013)
- Barns trivsel – voksnas ansvar, veileder om forebyggende arbeid mot mobbing i barnehagen (2012)

### Lenker til aktuelle hjemmesider

- [Læringsverkstedet](#)
- [Regjeringen/Kunnskapsdepartementet/Barnehage](#)
- [Utdanningsdirektoratet/Barnehage](#)
- [PBL - Private barnehagers landsforbund](#)